

SULA KOMMUNE



GEBYR OG BETALINGSSATSAR

2026

Vedtatt av Sula kommunestyre, 05.02.26

K-sak ____/26

Innhald

Side

14. Plan, byggesak og geodata	3
-------------------------------------	---

14) Plan, byggesak og geodata

Gebyrforskrift [01.01.2025 FOR-2024-10-31-2692 etter plan- og bygningsloven, eierseksjonsloven og matrikkellova, Sula kommune, Møre og Romsdal

Gebyrforskrifta er fastsett av Sula kommunestyre i sak nr.99/24 i møte den 31.10.2024.

Heimel: Fastsett av Sula kommunestyre 31.10.2024 med heimel i lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) § 33-1, lov 16. juni 2017 nr. 65 om eigarseksjonar (eierseksjonsloven) § 15 og lov 17. juni 2005 nr. 101 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 32 første ledd.

Kapittel 1. Generelle føresegner

§ 1. 1. Føremålet og verkeområde til forskrifta

Gebyrforskrifta, heretter kalla forskrifta, gir føresegner om betaling av gebyr for saksbehandling kommunen gjer etter lover og forskrifter for følgjande gebyrtenester

kapittel 2: Private planforslag etter plan- og bygningsloven, herunder private forslag til områderegulering for konsesjonspliktige vindkraftanlegg etter energiloven, samt endring av reguleringsplan

kapittel 3: Bygge-, dele- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningsloven

kapittel 4: Seksjoneringsaker etter eierseksjonsloven

kapittel 5: Oppmålingsforretning og saksbehandling etter matrikkellova.

§ 1. 2. Føresegner om betaling

§ 1.2.1. Betalingsplikt og gebyrsatsar

Alle som får utført tenester etter denne forskrifta skal betale gebyr etter føresegnene som kjem fram her. Gebyrsatsane kjem fram av vedtak fatta av kommunestyret.

Annonseringsutgifter, sakkunnig bistand, tinglysingsgebyr og eventuell dokumentavgift fakturerast i saker kor kommunen forskotter dette.

§ 1.2.2. Tidspunkt for fakturering, tidspunkt for utrekning av gebyra og fakturamottakar

For private planforslag etter plan- og bygningsloven gjeld følgande reglar for tidspunkt for fakturering og utrekning av gebyr

- a) gebyr for arbeid med oppstart av planarbeidet fakturerast etter at oppstartsmøte er fullført
- b) kommunen kan fakturere for planinitiativ før oppstartsmøtet er fullført
- c) dersom saka avsluttast før oppstartsmøtet, kan kommunen fakturere for planinitiativ når saka avsluttast

gebyr for andre møte enn oppstartsmøte fakturerast etter fullført møte,

gebyr for planprogram fakturerast når planprogrammet er fastsett etter plan- og bygningsloven § 12-9

andre gebyr vert fakturert samstundes med kommunen si avgjerd om at forslaget skal fremjast, sendast på høyring og leggst ut til offentlig ettersyn

gebyr vert rekna etter dei satsane som gjeld på tidspunkt for innsendt planinitiativ, oppstartsmøte, andre møte og når komplett innsendt planforslag er motteke av kommunen

gebyrkravet vert retta til den som har underskreve planforslaget som forslagsstillar, dersom anna ikkje er avtala i oppstartsfasen

For bygge- og delesak og eigarseksjonering gjeld følgande reglar

- a) gebyr vert fakturert når kommunen har behandla ferdig, avvist eller avslutta saka
- gebyr vert rekna etter dei satsar som gjeld på tidspunktet komplett søknad er mottoken av kommunen

gebyrkrav vert retta til den som har underskreve søknaden som tiltakshavar, dersom anna ikkje er avtala

det skal betalast eit særskild gebyr per utskrive matrikkelbrev, jf. [matrikkelforskriften § 9](#), jf. [§ 16](#) fjerde ledd.

For oppmåling etter matrikkellova gjeld følgande reglar

- a) gebyr vert fakturert når kommunen har behandla ferdig eller avslutta saka
- b) gebyr vert rekna etter dei satsar som gjeld på tidspunktet komplett søknad/rekvisisjon er motteke

kommunen kan krevje gebyr betalt inn forskotsvis, jf. [matrikkelforskriften § 16](#) femte ledd

gebyrkrav vert retta til den som har underskreve rekvisisjonen, dersom anna ikkje er avtala

det skal betalast et særskild gebyr per utskrive matrikkelbrev, jf. [matrikkelforskriften § 9](#), jf. [§ 16](#) fjerde ledd

§ 1.2.3. Tidspunkt for betaling

Gebyr, utgiftsdekningar mv. etter denne forskrifta forfell til betaling etter krav i tråd med faktura. Ved manglande betaling tilkjem purregebyr og renter, jf. [forsinkelsesrenteloven](#). Dersom faktura ikkje vert betalt etter purring, vert kravet sendt til innfordring, jf. [inkassoforskriften](#).

Gebyret må betalast og forfell sjølv om vedtaket i saka er påklaga.

§ 1.3. Reduksjon av gebyr

Dersom eit gebyr klart overstig sjølvkost i ei enkelt sak, skal kommunen på eige initiativ redusere gebyret.

§ 1.4. Klage

Det er ikkje høve til å klage på gebyr som følgjer direkte av denne forskrifta, jf. [forvaltningsloven](#).

§ 1.5. Definisjonar og forklaringar

I denne forskrifta vert det nytta følgjande forkortingar og definisjonar

- a) pbl: [plan- og bygningsloven](#).
- b) SAK: [forskrift om byggesak \(byggesaksforskriften\)](#).
- c) TEK: [forskrift om tekniske krav til byggverk \(byggteknisk forskrift\)](#).
- d) grunngebyr: gebyr som skal dekkje dei generelle oppgåvene i saksbehandlingsprosessen. Grunngebyret skal dekkje blant anna mottak av søknad, innregistrering, journalføring, fordeling av sak og arkivering. Gebyret er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket .
- e) saksbehandlingsgebyr: gebyr som skal dekkje oppgåvene i saksbehandlingsprosessen .
- f) registreringsgebyr: gebyr som dekkjer kostnadane som kommunen har knytt til registrering i matrikkelen.
- g) rettleingsmøte: innleiande møte mellom kommunen og forslagsstillar der kommunen gjev avklarande informasjon og formidlar kunnskap om eit bestemt område, og presenterer si planfaglege haldning til konkrete planforslag.
- h) planinitiativ: dokumentasjon som vert sendt til kommunen før oppstartsmøte, som omhandlar premissane for ønska planarbeid, jf. [forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven](#).
- i) oppstartsmøte: lovpålagt møte mellom forslagsstillar og kommune. Møtet tek for seg alle tema som er naudsynt for å klargjere føresetnadene for det vidare planarbeidet og utforminga av det endelege planforslaget.

- j) arbeidsmøte: møte mellom kommunen og forslagsstillar i dialogfasa etter oppstartsmøtet for å konkretisere og avklare spesifikke plantema, vidare planprosess, utgreiingsbehov og dokumentasjonskrav før innsending av planforslag. I tillegg kan møte bli halde i samband med kontroll av innsendt planforslag, og etter høyring av planforslag for å avklare innkomne merknader og moglege endringar av planforslaget.
- k) konsekvensutgreiing: særskild vurdering og beskriving av verknadane plana har for miljø og samfunn, jf. [forskrift om konsekvensutredninger](#).
- l) førehandskonferanse: møte for avklaring av rammar og innhald for tiltak jf. [plan- og bygningsloven § 21-1](#).
- m) søknadspliktige tiltak: tiltak som det må søkjast om etter [plan- og bygningsloven § 20-1](#), [§ 20-2](#), [§ 20-3](#) og [§ 20-4](#).
- n) tilsyn: verkemiddel for å kontrollere at byggetiltak gjennomførast i samsvar med bestemmingane gjeve i eller med heimel i [plan- og bygningsloven](#) og som bidreg til betre gjennomføring av byggeprosessar, avdekkjer ulovlegheit og verker førebyggjande.
- o) arealføremål: arealføremåla går fram av [plan- og bygningsloven § 12-5](#) og [kart- og planforskriften, vedlegg I, A](#).
- p) bygd areal (BYA): summen av bygd areal for alle bygningar, bygningsdelar og bygningskonstruksjonar over bakken, opent overbygd areal og naudsynt areal for biloppstillingsplassar på tomte, som det kjem fram av målereglane i [byggteknisk forskrift kapittel 5](#).
- q) bueining: brukseining som har alle hovudfunksjonar for bustad, som stue, kjøkken, soveplass, bad og toalett, og har eigen inngang og er fysisk åtskild frå andre einingar, jf. [byggesaksforskriften § 2-2](#).
- r) bruksareal (BRA): bruksareal slik det går fram av målereglane i [byggteknisk forskrift kapittel 5](#).
- s) brukseining: bygning eller del av bygning (lokale), f.eks. bueining, garasje, anneks/uthus, kontoreining, verkstad og lager.
- t) bygningstype: standardisert kategorisering av den enkelte bygning etter *NS-3457-3 Bygningstypar* kor bygningstypar frå 111 til 199 tilhøyrar bygningshovudgruppe bustad og bygningstypar frå 211 til 999 er alt anna enn bustad.
- u) eigedom: Fast eigedom definert med eit eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i samsvar med lovgivinga om eigarseksjonar vert rekna som sjølvstendig eigedom.
- v) bustad/bustadeigedom: Eigendom med bygg som brukast til bustadføremål, inklusive fritidsbustad. Døme: Bygningstype 111 – 163 etter NS-3457.
- w) næringsseigedom: Eigedom som ikkje er bustad- eller kombinasjonseigedom. Bygg for offentlege formål klassifiserast som næringsseigedom.
- x) tilleggsdel: tillegg til hovuddel, til dømes bod, garasje, parkeringsplass eller uteareal.
- y) tiltaksklasse: Inndeling av oppgåver i tiltaket basert på vanskegrad, kompleksitet og konsekvensar av manglar og feil, jf. SAK § 9-4.
- z) matrikkeleining: grunneigedom, anleggseigedom, eigarseksjon, jordsameige eller festegrunn.
- æ) matrikkel: nasjonalt eigedomsregister kor kvar eigedom har eit unikt nummer beståande av kommunenummer, gardsnummer (gnr), bruksnummer (bnr), festenummer (fnr) og seksjonsnummer (snr), tidlegare kalla GAB-registeret (Grunneigedoms-, adresse- og byggningsregisteret).
- ø) arealoverføring: Overføring av areal mellom eigedomar som har felles grense. Arealoverføring brukast når arealet som skal overførast er større enn 5 % av opphavleg areal.

Kapittel 2. Private planforslag

Kapitelet omhandlar gebyr for saksbehandling av private planforslag etter [plan- og bygningsloven](#), her under private forslag til områderegulering for konsesjonspliktige vindkraftanlegg etter [energiloven](#), samt endring av reguleringsplan. I 0 er det presisert kva for planforslag og arealføremal det ikkje blir fakturert gebyr for.

Samla gebyr består av gebyr for arbeid med oppstart av planarbeidet og for behandling av innsendt planforslag. Dersom planforslaget har mangelfulle plandokument, kan kommunen fakturere tilleggsgebyr.

§ 2-1. Gebyr for arbeid med oppstart av planarbeidet

§ 2-1-1. Gebyr for planinitiativ

Gebyr for gjennomgang av planinitiativ inkluderer eitt initiativ. Dersom innsendt planinitiativ inneheld feil eller manglar ved første gongs innsending og må sendast inn fleire gonger, fakturerast det gebyr per innsending.

Planinitiativ	Berekningseining	Gebyr
Gjennomgang av planinitiativ	Per planinitiativ	Kr 8 125
Planinitiativ som sendast inn fleire gonger	Per påfølgande planinitiativ	3 250

§ 2-1-2. Gebyr for oppstartsmøte og andre møte i oppstartsfasen

Møte i oppstartsfasen	Berekningseining	Gebyr
Oppstartsmøte	Per oppstartsmøte	24 170
Rettleiingsmøte/Arbeidsmøte med forslagsstillar/plankonsulent	Per møte forslagsstillar ber om	3 250

§ 2-1-3. Forhold til overordna planar i kommunen

Dersom planinitiativet er i strid med kommuneplanen skal det betalast eit tilleggsgebyr.

Forhold til overordna planar	Berekningseining	Gebyr
Planinitiativ i strid med gjeldande kommuneplan	Per planinitiativ	8 125

§ 2-1-4. Gebyr for fastsetting av planprogram

Planprogram, jf. pbl § 4-1, § 4-2 andre ledd	Berekningseining	Gebyr
Fastsetting av planprogram	Per planprogram	19 500

§ 2-1-5. Tilleggsgebyr for politisk prøving av planinitiativ

Politisk prøving av planinitiativ	Berekningseining	Gebyr
Dersom forslagsstillar krev spørsmål om vesentlege ueinigheiter om det vidare planarbeidet førelagt kommunestyret etter pbl § 12-8 første ledd	Per saksframlegg	19 500
Dersom forslagsstillar krev at avgjersla om stans av planinitiativ skal leggjast fram for kommunestyret for behandling etter pbl § 12-8 andre ledd	Per planinitiativ	19 500

§ 2-2. Gebyr for behandling av private planforslag

Alle innsendte planforslag utløyer grunngebyr. Tilleggsgebyr utløysast dersom planforslaget møte krava for dei enkelte tilleggsgebyra.

§ 2-2-1. Grunngebyr for planforslag

Grunngebyr	Berekningseining	Gebyr
Grunngebyr for planforslag	Per planforslag	146 245

§ 2-2-2. Tilleggsgebyr for arbeidsmøte undervegs i planprosessen

Arbeidsmøte	Berekningseining	Gebyr
Arbeidsmøte med forslagsstillar/plankonsulent	Per møte	1 625

§ 2-2-3. Tilleggsgebyr for planar med konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiing, jf. pbl § 4-1, § 4-2 andre ledd og kap. 14	Berekningseining	Gebyr
Planar med konsekvensutgreiing	Per planforslag	48 750

§ 2-2-4. Tilleggsgebyr for fleire vertikalnivå

Gebyret ileggast planforslag med regulering i fleire vertikalnivå enn grunnarealet over bakken, dersom kommunen har meirarbeid med dette, jf. [kart- og planforskriften § 9](#) tredje ledd.

Tilleggsgebyr for vertikalnivå	Berekningseining	Gebyr
Tilleggsgebyr for fleire vertikalnivå	Per time	1 625

§ 2-2-5. Tilleggsgebyr for planforslag i strid med overordna planar

Forhold til overordna planar	Berekningseining	Gebyr
Planforslag i strid med kommuneplan	Per planforslag	Ingen tilleggsgebyr

§ 2-3. Gebyr for utfylling, endring og oppheving av plan

Utfylling, endring og oppheving av plan	Berekningseining	Gebyr
Endringar som behandlast som ein ny plan i samsvar med pbl § 12-14 første ledd	Per planforslag	Fullt gebyr
Endringar i reguleringsplan, oppheving av, eller utfylling innafor hovudtrekka i reguleringsplan, jf. pbl § 12-14 andre ledd – som krev politisk behandling	Per planforslag	40 625
Endringar i reguleringsplan, oppheving av, eller utfylling innafor hovudtrekka i reguleringsplan, jf. pbl § 12-14 andre ledd – som krev administrativ behandling	Per planforslag	40 625
Tilleggsgebyr for møte i sak om endring mv. av reguleringsplan, jf. pbl § 12-14 andre ledd	Per møte	3 250

§ 2-4. Gebyr ved avslutning av planarbeidet

Ved trekk av planinitiativ/forslag eller manglande oppfølging frå forslagsstillar skal det betalast ein del av samla gebyr avhengig av kor langt kommunen har komme i saksbehandlinga.

Avslutning av planprosess	Berekningseining	Gebyr
Dersom saka trekkast før oppstartsvarsel eller planmynde avgjerd at initiativet skal stoppast	Per planinitiativ	Ingen gebyr
Etter fullført oppstartsmøte, men før innsending av forslag	Per planoppstart	Ingen gebyr
Avslutning av planarbeidet etter at planforslaget er motteke av kommunen	Per planforslag	1 625
Gebyr ved avslag etter pbl § 12-11	Per planforslag	Gebyr som ved godkjent plan
Avslutning av arbeid med planendring etter 0. før saka er sendt på høyring	Per søknad	1 625

*Gebyr for møte fakturerast i sin heilheit.

§ 2-5. Gebyr for oppstartsmøte ved manglande oppfølging frå forslagsstillar

Med mindre anna er avtala, kan kommunen krevje nytt oppstartsmøtegebyr i følgjande tilfelle:

Gebyr for oppstartsmøte ved manglande oppfølging	Berekningseining	Gebyr
Der planoppstart ikkje er kunngjort innan 12 månadar etter første oppstartsmøte	Per nytt oppstartsmøte	24 170 (som ved oppst. møte)
Der komplett planforslag ikkje er motteke innan 24 månadar etter første oppstartsmøte	Per nytt oppstartsmøte	24 170 (som ved oppst. møte)

§ 2-6. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter [plan- og bygningsloven](#) som ikkje fell inn under andre paragrafar i dette kapitlet, fakturerast etter tida som er gått med. I spesielle/atypiske saker kan kommunen sjølv bestemme at gebyret skal fastsettast etter tida som er gått med.

Timepris	Berekningseining	Gebyr
Gebyr per time for plansaker	Per time	1 625

§ 2-7. Gebyrfritak

§ 2-7-1. Offentlege planforslag

Kommunen reknar ikkje gebyr for å behandle planforslag frå offentlege forslagsstillarar når plana skal ivareta offentlege interesser eller funksjonar og tiltaket skal finansierast med støtte frå stat eller kommune, eller med lån som har statleg eller kommunal garanti.

§ 2-7-2. Unntak gebyrfritak – Ulovleg statsstøtte

Offentlege forslagsstillarar, herunder kommunale føretak, som fremmar planforslag knytt til eigedomsutvikling av reine eigedoms- og grunneigarinteresser (kommersielle interesser), er likestilt med private forslagsstillarar og skal betale gebyr.

§ 2-7-3. Unntak gebyrfritak – Offentlege forslagsstillarar med kommersielle interesser

Der deler av plana frå offentlege forslagsstillarar, herunder kommunale føretak, er knytt til eigedomsutvikling mv. (kommersielle interesser), skal det betalast gebyr for denne delen utrekna etter reglane i 0.

Kapittel 3. Bygge-, dele- og dispensasjonssaker

Kapitelet omhandlar gebyr for saksbehandling av bygge-, dele- og dispensasjonssaker etter [plan- og bygningsloven](#).

For alle søknadspliktige tiltak skal det betalast gebyr. Samla gebyr består av grunngebyr, saksbehandlingsgebyr, registreringsgebyr og eventuelle tilleggsgebyr. Storleiken på gebyret er det same for løyve som for avslag.

Gebyra gjeld for både eitt-trinns søknadar og rammesøknadar. I begge tilfella er ferdigattest inkludert i gebyret.

Normalt skal inntil 40 prosent av gebyret dekkje tilsynsverksemda til kommunen.

§ 3-1. Grunngebyr

Kommunen fakturerer grunngebyr i alle saker, med mindre denne forskrifta angir noko anna.

Grunngebyr	Berekningseining	Gebyr
Grunngebyr	Per søknad	Kr 1 635

§ 3-2. Registreringsgebyr

For søknads- og meldepliktige tiltak etter [plan- og bygningsloven](#) skal det betalast eit gebyr som skal dekkje dei kostnadane kommunen har knytt til registrering av tiltaket i matrikkelen. Arbeidet i matrikkelen aukar proporsjonalt med talet på brukseiningar og blir rekna per brukseining. Gebyret gjeld også for meldepliktige tiltak som ikkje er søknadspliktige.

Registreringsgebyr	Berekningseining	Gebyr
Søknadspliktige tiltak	Per brukseining	Kr 1 635
Meldepliktige tiltak som ikkje er søknadspliktige	Per tiltak	Kr 1 635

§ 3-3. Tilleggsgebyr for mangelfull søknad

Dersom innsendt søknad er mangelfull eller feilaktig, blir det rekna eit tilleggsgebyr per mangelbrev.

Mangelbrev	Berekningseining	Gebyr
Mangelbrev	Per mangelbrev	Kr 1 635

§ 3-4. Førehandskonferanse og andre møte

Førehandskonferanse og andre møte	Berekningseining	Gebyr
Førehandskonferanse	Per møte	Kr 8 175
Andre møte	Per time	Kr 1 635

§ 3-5. Saksbehandlingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak, jf. [plan- og bygningsloven § 20-4](#), jf. [bygggesaksforskriften §§ 3-1 og 3-2](#)

§ 3-5-1. Oppretting og endring av eigedom (frådeling av eigedom)

Oppretting av grunneigedom mv., jf. pbl § 20-1 m	Berekningseining	Gebyr
Oppretting av grunneigedom	Første nye grunneigedom	kr 8 175
Oppretting av grunneigedom	Per ny grunneigedom utover den første	kr 1 635
Arealoverføring	Per søknad	kr 8 175
Oppretting av festegrunn	Første nye festegrunn	kr 8 175
Oppretting av festegrunn	Per ny festegrunn utover den første	kr 1 635
Oppretting av anleggseigedom	Første nye anleggseigedom	kr 1 635
Oppretting av anleggseigedom	Per ny anleggseigedom utover den første	kr 3 270
Oppretting av nytt jordsameige	Per jordsameige	kr 6 540

§ 3-5-2. Andre tiltak utan krav til ansvarleg føretak

Saksbehandlingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak, jf. pbl 20-4	Berekningseining	Gebyr
Mindre tiltak på utbygd eigedom som garasjar, uthus og tilbygg, jf. SAK § 3-1 a og b	Per søknad om tiltak	kr 4 905
Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor ein brukseining, jf. SAK § 3-1 c	Per søknad om tiltak	kr 4 905
Skilt- og reklameinnretningar etter SAK § 3-1 d	Per søknad om tiltak	kr 4 905
Frittliggande bustadbygg etter SAK § 3-1 e (på bygd eigedom)	Per søknad om tiltak	kr 19 620
Alminnelege driftsbygningar i landbruket under 1.000 m ² , jf. SAK § 3-2	Per søknad om tiltak	kr 14 718
Mellombelse tiltak mv. jf. pbl § 20-4 c	Per søknad om tiltak	kr 11 447
Andre mindre tiltak som etter kommunen sitt skjønn tiltakshavar kan stå for jf. pbl 20-4 e	Per time	kr 1 635

§ 3-6. Søknadspliktige tiltak som krev ansvarleg føretak – pbl § 20-3

§ 3-6-1. Bustad, fritidsbustad og andre bygg, jf. § 20-1 a og b

For bygningar som er kombinasjonsbygg (både bustadføremål og anna enn bustadføremål), blir gebyr berekna for begge føremål.

For hovudombygging etter [plan- og bygningsloven § 20-1](#) n skal det betalast gebyr etter Oeller 0

§ 3-6-1-1. Oppføring av bustadbygg

Oppføring av bustadbygg (bygningstype 111-163)	Berekningseining	Gebyr
Ingen, éin eller to bueiningar	Per bygning	kr 17 990
Tre til fire bueiningar	Per bygning	kr 19 625
Fem til ti bueiningar	Per bygning	kr 26 165
Elleve til tjue bueiningar	Per bygning	kr 35 980
Over tjue bueiningar	Per bygning	kr 40 880

§ 3-6-1-2. Tilbygg, påbygg eller underbygg til bustadbygg

Tilbygg, påbygg eller underbygg til bustadbygg (bygningstype 111-163)	Berekningseining	Gebyr
Tilbygg, påbygg eller underbygg til bustadbygg	Per tiltak	Kr 8 175

§ 3-6-1-3. Vesentleg endring eller reparasjon av bustadbygg

Vesentleg endring eller reparasjon av bustadbygg (bygningstype 111-163)	Berekningseining	Gebyr
Vesentleg endring eller reparasjon av bustadbygg	Per tiltak	Kr 8 175

§ 3-6-1-4. Seterhus, rorbu, koie, garasje, uthus, anneks, naust, båthus, bustadbrakke og liknande

Tiltak etter § 20-1 a og b (bygningstype 171-199)	Berekningseining	Gebyr
Seterhus, rorbu, koie, garasje, uthus, anneks, naust, båthus, bustadbrakke og liknande	Per tiltak	Kr 11 450

§ 3-6-1-5. Andre bygningar enn bustad

Andre bygningar enn bustad	Berekningseining	Gebyr
Fabrikk-/industribygg ol. (bygningstype: 211-219)	Per tiltak	kr 35976
Energiforsyningsbygg, bensinstasjon ol. (bygningstype: 221-229; 323)	Per tiltak	kr 39 250
Lager- og parkeringsbygg ol. (bygningstype: 231-239; 431-439)	Per tiltak	kr 29 435
Landbruksbygg (bygningstype: 241-249)	Per tiltak	kr 29 435
Kontor- og forretningsbygg mv. (bygningstype: 311-322; 329-429; 441-449; 731-739)	Per tiltak	kr 49 060
Bygg for overnatting mv. (bygningstype: 511-529)	Per tiltak	kr 49 060
Bygg for servering mv. (bygningstype: 531-539)	Per tiltak	kr 35 975
Undervisnings-, museums-, kyrkjebygg ol. (bygningstype: 611-649; 671-679)	Per tiltak	kr 50 775
Idrettsbygg ol. (bygningstype: 651-659)	Per tiltak	kr 49 059
Kulturbygg mv. (bygningstype: 661-669)	Per tiltak	kr 49 059
Sjukehus og sjukeheim (bygningstype: 719-729)	Per tiltak	kr 60 500
Fengselsbygg og beredskapsbygg (bygningstype 819-829; 890)	Per tiltak	kr 60 500
Monument og offentleg toalett ol. (bygningstype: 830-840)	Per tiltak	kr 11 450
Ukjent bygningstype (bygningstype: 999)	Per time	Kr 1 635
Tilbygg, påbygg og underbygg til anna enn bustad (bygningstype: 211-999)	Per tiltak	kr 35 976
Vesentleg endring eller reparasjon til anna enn bustad (bygningstype: 211-999)	Per tiltak	kr 29 435

§ 3-6-1-6. Andre tiltak enn bygningar (konstruksjonar og anlegg)

Andre tiltak enn bygningar (konstruksjonar og anlegg)	Berekningseining	Gebyr
Rør-, leidningsanlegg mv.	Per tiltak	kr 11 450
Avløpsanlegg, olje-/feittutskiljar jf. forurensningsforskriften kapittel 12, 13, 15 og 15A	Per tiltak	kr 6 540
Svømmebasseng, dam/brønn og liknande	Per tiltak	kr 8 175
Brygge, molo, kai o.l.	Per tiltak	kr 14 720
Andre typar konstruksjon og anlegg	Per time	kr 1 635

§ 3-6-1-7. Fasadeendring

Saksbehandlingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 c	Berekningseining	Gebyr
Fasadeendring på bygg, konstruksjon eller anlegg	Per søknad om tiltak	kr 6 540

§ 3-6-1-8. Bruksendring, vesentleg utviding eller vesentleg endring av tidlegare drift av tiltak

Saksbehandlingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 d	Berekningseining	Gebyr
Bruksendring av bustad frå tilleggsdel til hovuddel, eller omvendt	Per brukseining	kr 6 540
Bruksendring av bustad til anna enn bustad	Per brukseining	kr 9 810
Bruksendring av anna enn bustad til bustad	Per brukseining	kr 13 080
Andre bruksendringar	Per time	kr 1 635
Vesentleg utviding eller vesentleg endring av tidlegare drift av tiltak	Per time	kr 1 635

§ 3-6-2. Riving av tiltak

Saksbehandlingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 e	Berekningseining	Gebyr
Riving mv. av bygningar, konstruksjonar og anlegg	Per tiltak	kr 8 175
Tillegg for avfallsplan	Per avfallsplan	kr 1 635

§ 3-6-3. Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar

Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 f	Berekningseining	Gebyr
Bygningstekniske installasjonar	Per tiltak	kr 9 810
Skorstein og røykkanal (piperehabilitering)	Per tiltak	kr 3 270

§ 3-6-4. Oppdeling eller samanføyning av brukseiningar i bustad

Saksbehandlingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 g.	Berekningseining	Gebyr
Samanføyning av brukseiningar i bustad mv.	Per søknad om tiltak	kr 3 270
Oppdeling av brukseiningar i bustad mv.	Per ny brukseining	kr 11 450

§ 3-6-5. Oppføring av innhegning mot veg

Saksbehandlingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 h	Berekningseining	Gebyr
Innhegning mot veg (til dømes støyskjerm, gjerde, vollar, murar m.m.)	Per tiltak	kr 4 905

§ 3-6-6. Plassering av skilt- og reklameinnretningar

Saksbehandlingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 i	Berekningseining	Gebyr
Skilt mv. på fasade	Per søknad om tiltak	kr 6 540
Andre skilt mv.	Per søknad om tiltak	kr 8 175

§ 3-6-7. Plassering av mellombelse bygningar, konstruksjonar eller anlegg

Saksbehandlingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 j	Berekningseining	Gebyr
Plassering av mellombelse bygningar for varig opphald, konstruksjonar eller anlegg	Per søknad om tiltak	kr 9 810

§ 3-6-8. Vesentleg terrenginngrep

Vesentleg terrenginngrep etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 k	Berekningseining	Gebyr
Vesentleg terrenginngrep, tiltaksklasse 1	Per søknad om tiltak	kr 14 720
Vesentleg terrenginngrep, tiltaksklasse 2	Per søknad om tiltak	kr 25 280
Vesentleg terrenginngrep, tiltaksklasse 3	Per søknad om tiltak	kr 42 660

§ 3-6-9. Anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass

Saksbehandlingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 l	Berekningseining	Gebyr
Anlegg av veg	Per søknad om tiltak	kr 14 720
Anlegg av parkeringsplass	Per søknad om tiltak	kr 16 350
Anlegg av landingsplass	Per søknad om tiltak	kr 14 720

§ 3-7. Igangsetjingsløyve, mellombels bruksløyve og ferdigattest

Grunngebyret blir ikkje medrekna for desse sakstypene.

Igangsetjingsløyve, mellombels bruksløyve og ferdigattest	Berekningseining	Gebyr
Igangsetjingsløyve	Per søknad	kr 4 900
Mellombels bruksløyve	Per søknad	kr 4 900
Utsetting av frist for mellombels bruksløyve	Per søknad	kr 1 635
Ferdigattest kor det har gått meir enn 5 år sidan første løyve i byggesaka vart gjeve	Per søknad	kr 4 900

§ 3-8. Dispensasjon

Gebyret kjem i tillegg til eventuelle saksbehandlingsgebyr. Ved samstundes søknad om dispensasjon og andre tiltak etter dette kapittel, krevjast det berre eitt grunngebyr.

Dispensasjon etter pbl § 19-1	Berekningseining	Gebyr
Søknad om dispensasjon for tiltak i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag	Per dispensasjon	kr 11 450
Søknad om dispensasjon for tiltak med krav til ansvarleg føretak* – administrativ behandling	Per dispensasjon	kr 11 450
Søknad om dispensasjon for tiltak med krav til ansvarleg føretak* – politisk behandling	Per dispensasjon	kr 22 900
Søknad om dispensasjon for tiltak utan krav til ansvarleg føretak* – administrativ behandling	Per dispensasjon	kr 4 905
Søknad om dispensasjon for tiltak utan krav til ansvarleg føretak* – politisk behandling	Per dispensasjon	kr 11 450
Tilleggsgebyr for ekstern høyring	Per høyring	kr 3 270
Dispensasjon frå reguleringsplan	Per dispensasjon	Kr 4 950

**Gjeld tiltak som ikkje ligg i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag.*

§ 3-9. Andre vurderingar

Andre vurderingar	Berekningseining	Gebyr
Fråvik frå tekniske krav ved tiltak på eksisterande byggverk, jf. pbl § 31-4	Per søknad	kr 8 175
Godkjenning av sjølvbygggaransvar, SAK § 6-8	Per søknad	kr 9 800
Løyve til tilknytning til eksisterande private vann- og avløpsanlegg	Per søknad	kr 4 900
Tillegg for avfallsplan for tiltak som ikkje gjeld riving, jf. pbl. § 20-1 e	Per avfallsplan	kr 1 635
Arbeid utover rettleiingsplikt for ikkje-søknadspliktige tiltak (tiltak som ikkje treng løyve)*	Per tilbakemelding	kr 1635

**Det fakturerast ikkje grunngebyr for slike saker*

§ 3-10. Politisk behandling

Politisk behandling	Berekningseining	Gebyr
Tilleggsgebyr for politisk behandling	Per politisk behandling	kr 3.800

§ 3-11. Søknad om endring av gitt løyve før bygg eller tiltak har fått ferdigattest

Endringssøknad	Berekningseining	Gebyr
Søknadspliktig endring av tiltak	Per søknad	kr 6 540

§ 3-12. Gebyr for avslutta sak før vedtak eller ved avvising

Gebyr for avslutta sak før vedtak	Berekningseining	Gebyr
Søknad som trekkast før påbegynt saksbehandling eller som avvisast som følge av manglande privatrettslege føresetnader	Per søknad	1 635 + ev. mangelbrev på 1 635
Søknad som trekkast etter at kommunen har satt i gong saksbehandling, men før førstegongs vedtak	Per søknad	1 635 + 50 % av saksbeh. gebyr (§ 3.5)

§ 3-13. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter [plan- og bygningsloven](#) som ikkje fell inn under andre bestemmingar i dette kapitelet, fakturerast etter tida som er gått med. I spesielle/atypiske saker kan kommunen sjølv bestemme at gebyret skal fastsettast etter tida som er gått med.

Timepris	Berekningseining	Gebyr
Gebyr per time for bygge-, dele- og dispensasjonssaker	Per time	kr 1 900

Kapittel 4. Eigarseksjonering

Kapitelet omhandlar gebyr for seksjoneringsaker etter [eierseksjonsloven](#). For alle søknadspliktige tiltak skal det betalast gebyr. Storleiken på gebyret er det same for løyver som for avslag.

Samla gebyr består av grunngebyr, saksbehandlingsgebyr, registreringsgebyr og eventuelle tilleggsgebyr.

§ 4-1. Grunngebyr

Det fakturerast grunngebyr i alle saker, med mindre noko anna går fram av denne forskrifta.

Grunngebyr	Berekningseining	Gebyr
Grunngebyr	Per søknad	Kr 1 900

§ 4-2. Registreringsgebyr

Det fakturerast registreringsgebyr for alle saker. Arbeidet i matrikkelen aukar proporsjonalt med tal på seksjonar og vert berekna per seksjon.

Registreringsgebyr	Berekningseining	Gebyr
Registreringsgebyr	Per seksjon	kr 1 900

§ 4-3. Tilleggsgebyr ved mangelfull søknad

Dersom søknaden ikkje følgjer krava i [eierseksjonsloven § 11](#) og kommunen må sende mangelbrev, tilkjem eit tilleggsgebyr.

Tilleggsgebyr for mangelfull søknad	Berekningseining	Gebyr
Mangelbrev	Per mangelbrev	kr 1 900

§ 4-4. Oppretting av eigarseksjonar

Oppretting av eigarseksjonar	Berekningseining	Gebyr
For to til fire seksjonar	Per søknad	kr 15 235
For fem til åtte seksjonar	Per søknad	kr 17 140
Over ni seksjonar	Per søknad	kr 19 000

§ 4-5. Reseksjonering

Reseksjonering	Berekningseining	Gebyr
For éin til fire seksjonar	Per søknad	kr 15 235
For fem til åtte seksjonar	Per søknad	kr 17 140
Over ni seksjonar	Per søknad	kr 19 000

§ 4-6. Sletting/oppheving av seksjonert sameige

Sletting/oppheving av seksjonert sameige	Berekningseining	Gebyr
Saksbehandlingsgebyr for å slette seksjonar på ein eigedom	Per søknad	kr 15 235

§ 4-7. Tilleggsgebyr

Tilleggsgebyr	Berekningseining	Gebyr
Gebyr for synfaring	Per synfaring	kr 3 810
Tilleggsgebyr ved seksjonering av anleggseigedom	Per time	kr 1 900

§ 4-8. Gebyr for avslutta sak før vedtak, ved avvising og ved avslag

Gebyr for avslutta sak før vedtak	Berekningsseining	Gebyr
Søknad som trekkast, avvisast eller avsluttast før påbegynt saksbehandling	Per søknad	3 800
Søknad som trekkast etter at kommunen har satt i gong saksbehandling, men før førstegongsvedtak	Per søknad	3 800

§ 4-9. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter eierseksjonsloven som ikkje fell inn under andre bestemmingar i dette kapitlet, fakturerast etter tida som er gått med. I spesielle/atypiske saker kan kommunen sjølv bestemme at gebyret skal fastsettast etter tida som er gått med.

Timepris	Berekningsseining	Gebyr
Gebyr per time for seksjoneringsaker	Per time	kr 1 900

Kapittel 5. Oppmålingsforretning

Kapitelet omhandlar gebyr for oppmålingsforretning og saksbehandling etter [matrikkellova](#).

§ 5-1. Tidsfristar om vinteren

Den generelle behandlingsfristen på 16 veker for saker som krev oppmålingsforretning, gjeld ikkje i perioden frå 1. november til 1. mai jf. [matrikkelforskriften § 18](#) tredje ledd. I deler av kommunen kor naudsynste tilkomstvegar er vinterstengt etter 1. mai startar ikkje tidsfristen før vegane er opna etter vinterstenging.

§ 5-2. Oppmålingsforretning

Samla gebyr er tredelt og består av grunngebyr, saksbehandlingsgebyr og gebyr ved oppmåling i marka. Dersom saka ikkje krev oppmåling i marka, fakturerast det berre grunngebyr og saksbehandlingsgebyr.

§ 5-2-1. Grunngebyr

Det fakturerast grunngebyr i alle saker, med mindre nok anna går fram av denne forskrifta. Ved samstundes søknad om frådelling jf. pbl § 20-1 m og oppmålingsforretning, krevjast det berre eitt grunngebyr. Det krevjast òg berre eitt grunngebyr ved samstundes søknad om eigarseksjonering og oppmåling av uteareal på eigarseksjon.

Grunngebyr	Berekningseining	Gebyr
Grunngebyr	Per søknad	Kr 1 600

§ 5-2-2. Gebyr for saksbehandling

Gebyret dekkjer kommunen si saksbehandling i samband med oppmålingsforretning, matrikkelføring mv.

Gebyr for saksbehandling	Berekningseining	Gebyr
Oppretting av grunneigedom og fest grunn og matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn	Første matrikkeleining	kr 29 000
Tillegg for oppretting av fleire matrikkeleiningar i same rekvisisjon*	Per påfølgande matrikkeleining	kr 6 400
Oppretting av uteareal på eigarseksjon	Første tilleggsdel	kr 9 625
Tillegg for oppretting av fleire uteareal på eigarseksjon i same rekvisisjon*	Per påfølgande tilleggsdel	kr 4 810
Oppretting av anleggseigedom	Per matrikkeleining	kr 29 000
Punktfeste	Per punktfeste	kr 9 625
Registrering av jordsameige	Per time	kr 1 600
Grensejustering	Per grensejustering	kr 8 020
Arealoverføring	Per arealoverføring	kr 22 900
Arealoverføring til offentlig veg og jernbane	Per avgivareigedom	kr 4 810
Grensepåvising av tidlegare koordinatfesta grenser	Per rekvisisjon	kr 3 200
Klarlegging av grense, punktfeste og stadbundne rettigheter som ikkje er koordinatfesta i tidlegare forretning	Per rekvisisjon	kr 9 625
Samanslåing av eigedommar	Per søknad	Ingen gebyr
Tillegg for oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning (MUF)	Per matrikkeleining	kr 34 150

*Forutsett samstundes rekvisisjon av oppmålingsforretning.

§ 5-2-3. Gebyr ved oppmåling i marka

Oppmøtegebyret skal dekkje dei kostnadane kommunen har ved oppmøte og reisetid ut i felt. Dersom kommunen på eige initiativ veljar å gjennomføre oppmålinga ved fleire oppmøte i marka, belastast ikkje rekvirent for fleire oppmøtegebyr. Gebyret per grensemerke skal dekkje materialkostnaden og tida som gjeng med til merking og måling av desse. Samanfallande grensepunkt teljast som eitt.

For grensepunkt i bue betalast det for inntil 3 grensepunkt per boge, i tillegg til start- og stopp-punkt, sjølv om målte grensepunkt er fleir.

Gebyr ved oppmåling i marka	Berekningseining	Gebyr
Oppmøtegebyr	Per oppmøte	Etter medgått tid
Grensepunkt som målast og merkast i marka	Per grensemerke	Etter medgått tid
Grensepunkt som målast men ikkje merkast i marka	Per grensepunkt	Etter medgått tid
Feltarbeid ved oppretting av uteareal på eigarseksjon	Per time	Etter medgått tid

§ 5-3. Avbroten forretning

Gebyr ved avbroten forretning	Berekningseining	Gebyr
Gebyr for utført arbeid dersom saka vert trekt eller må avvisast før oppmåling i marka er gjennomført	Per sak	1 600 + 30 % av 0
Gebyr der saka avsluttast etter at oppmålingsforretninga er gjennomført	Per sak	75 % av totalt gebyr

§ 5-4. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter matrikkellova som ikkje fell inn under andre bestemmingar i denne forskrifta, fakturerast etter tida som er gått med. I spesielle/atypiske saker kan kommunen sjølv bestemme at gebyret skal fastsettast etter tida som er gått med.

Anna fakturerbart arbeid	Berekningseining	Gebyr
Gebyr per time for oppmålingssaker	Per time	kr 1 600

Kapittel 6. Ikraftsetjing

§ 6-1. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå 05.02.2026.

Frå same tid opphevast forskrift nr.2459 i Lovdata; Gebyrforskrift for Plan, Byggesak og Geodata, Sula kommune, Møre og Romsdal.